

Årsmøteuttale:

## La vassdraga få fred!

Dei siste tiåra har det kome til over tusen små kraftverk i Norge. I kraftfylket Rogaland er allereie rundt 80 prosent av vasskrafta bygt ut, og snart er det knapt ein bekk eller elv i fylket vårt som ikkje er påverka av kraftutbygging. Nå, når også vassdragsvernet er blitt svekt av Stortinget, er det fare for at endå fleire små og større vassdrag kan bli lagt i røyr.

Sjølv om mange av dei nye kraftverka er små, og kvar for seg ofte kan byggjast utan større naturinngrep, er summen av desse alvorlege for naturen og kan truga det biologiske mangfaldet. Det kjem stadig nye søknader om småkraftverk i fylket vårt, og det er på tide at dei omfattande kraftutbyggingane blir vurderte i ein større samanheng, slik at vassdragsnaturen vår ikkje forsvinn bit for bit. Naturvernforbundet i Rogaland meiner at grensa er nådd for lengst.